



## Innkalling av Kommunestyret

**Møtedato:** 22.09.2016  
**Møtestad:** Konferanserommet  
**Møtetid:** 09:00 - 15:00

**Møtet vert lagt opp med slik program for dagen:**

**09.00 -10.00 Overordna ROS-analyse**  
**Gjennomgang v/Magne Eikanger**

**10.00 - 12.00 Budsjett 2017 - presentasjon frå einingsleiarar**

**10.00 -10,00 Oddvin Neset - sosial / flyktningar**

**10.15 -10.30 Grete Urdal – barnehage**

**10.30 -10.45 Jahn Olav Nordheim – skule**

**10.45 -11.00 Ove Sæbø – kultur**

**11.00 - 11.15 Margrethe Laastad Kvamme - pleie/omsorg**

**11.15 - 11.30 Frøydis Gullbrå - helsesetenester**

**11.30 - 11.45 Tone Selmer Skuggevik – teknisk**

**11.45 - 12.00 Øivind Olsnes - økonomiske rammer / vidare prosess**

**12.00 - 12.45 Lunsj – Mobryggja**

**13.00 - 15.00 Saker til handsaming ifl innkalling**

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

## Sakliste

Saknr	Tittel
044/2016	Godkjenning av innkalling og saksliste
045/2016	Godkjenning av møtebok
046/2016	Referatsaker
047/2016	Orienteringssaker
048/2016	Risiko- og sårbarhetsanalyse for Modalen kommune
049/2016	Ny organisering av Reiselivsnæringa i Nordhordland - medlemskap i nye "Region Bergen Reiseliv"
050/2016	Selskapsavtale for IKA Hordaland - endringer
051/2016	Områdeplan Otterstad - Trohaug - Mulighetstudie

28. september 2016

Tom Kristian Thorsen  
møteleiar

Øivind Olsnes  
sekretær

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes		16/228

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
044/2016	Kommunestyret	PS	22.09.2016

### Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### Saksopplysningar:

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		16/228

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
045/2016	Kommunestyret	PS	22.09.2016

### Godkjenning av møtebok

#### Forslag til vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

#### Saksopplysningar:

#### Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 22.06.2016

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes		16/228

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
046/2016	Kommunestyret	PS	22.09.2016

### Referatsaker

#### Underliggjende saker:

Saksnummer	Tittel
046/2016.1	Protokoll Regionråd 5-2016, fredag 10. juni

#### Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

#### Saksopplysningar:

#### Vedlegg:

Protokoll Regionråd 5-2016, fredag 10. juni

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes		16/228

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
047/2016	Kommunestyret	PS	22.09.2016

### Orienteringssaker

#### Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

#### Saksopplysningar:

# Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Øivind Olsnes	FA - X20	15/325

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
048/2016	Kommunestyret	PS	22.09.2016

## Risiko- og sårbarhetsanalyse for Modalen kommune

### Forslag til vedtak:

Kommunestyret vedtek *Risiko- og sårbarhetsanalysen for Modalen kommune* slik den ligg føre.

Kommunestyret ber rådmannen følgje opp ulike framlegg til tiltak for utbetringar gjennom den løpande drifta i kommunen og ved framlegg til budsjett- og økonomiplan for dei komande år.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Oppfølging av «*Rapport etter tilsyn med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Modalen kommune 24. mars 2015*». Etter tilsyn med utvalde område knytt til kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap, konkluderte Fylkesmannen i Hordaland med følgjande:

Avvik: Modalen kommune manglar oppdatert heilskapleg ROS-analyse

Merknader: Ingen

#### Vurdering

Gjeldande ROS-analyse for Modalen kommune vart utarbeida i 1996, men oppdatert i 2000. For å lukke avviket vart det i desember 2015 starta opp eit prosjekt med å utarbeide ein ny heilskapleg Risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS-analyse) for Modalen.

Siv.ing. Magne Eikanger i Brannvern- og beredskapsrådgiver 1 vart engasjert til å hjelpe til med ROS-analysen.

Arbeidet har vore slik organisert:

**Styringsgruppe** med følgjande medlemar:

Ordførar Tom Kristian Thorsen

Varaordførar Kristin Nåmdal

Rådmann Øivind Olsnes  
Ass. Rådmann Oddvin Neset  
Rådgjevar Inge Kårevik

**Arbeidsgrupper** innan følgjande område:

Arbeidsgruppe Helsesenter og Modalstunet:

Kommunelege Frøydis Gullbrå  
Pleie- og omsorgsleiar Margrethe Laastad Kvamme  
Avd. sjukepleiar Modalstunet Anne-Hilde Skadal

Arbeidsgruppe Skule og barnehage:

Rektor Mo skule Jahn Olav Nordheim  
Styrar Mo barnehage Grete Urdal  
Pedagogisk leiar Mo barnehage Gro Henny Mo

Arbeidsgruppe Sentraladministrasjon og teknisk etat:

Rådmann Øivind Olsnes  
Ass. Rådmann Oddvin Neset  
Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik  
Konsulent / brannsjef Kjell Langeland  
Kultursjef Inga Jorunn Nåmdal

ROS-analysen er systematisk utarbeida med grunnlag i valde kriterium. Hovudmålet har vore å lage ein heilskapleg ROS-analyse for Modalen som synleggjer eksisterande og framtidige risiko- og sårbarheitsfaktorar i alle delar av kommunen og i heile den kommunale verksemda. ROS-analysen skal også oppfylle krava i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Arbeidsgruppene har vore aktive i utval og analyse av identifiserte uønska hendingar. 44 ulike hendingar er analysert. For kvar hending er det føreslege tiltak som skal redusere sannsyn for at hendinga skal skje og / eller redusere konsekvensane av den uønska hendinga.

Gjennom prosessen har ein også involvert eksterne aktørar som gjennom møte den 11.04.16 var invitert til gjensidig informasjon og drøfting av ein førebels ROS-analyse. På dette møtet var det representantar frå Politiet, brannvesen, Sivilforsvaret, verksemder, kyrkja, straumleverandørar/-produsentar, lag / organisasjonar samt deltakarar frå kommunen.

I etterkant har ROS-analysen vore sendt på høyring med uttalefrist 15.06.16. Det kom inn fire uttalar (NVE, Kystverket, Fylkesmannen i Hordaland og Røde Kors) som er handsama av styringsgruppa. Det har også vore informert om ROS-arbeidet på kommunen si heimeside. Innspel frå innbyggjarar er vurdert under vegs.

Etter rådmannen si vurdering har kommunen gjennomført ein grundig og god prosess med brei involvering i arbeidet med å lage ein ny heilskapleg ROS-analyse for Modalen kommune.

I analysen (kap 10) er det peika på mange og viktige tiltak som må følgjast opp dei komande åra. Tiltaka er gruppert under «Eingongstiltak» og tiltak som må fokuserast på til «ei kvar tid» i den løpande drifta. Ein del tiltak vil utløyse investeringar og driftskostnader medan andre krev endra



rutinar og praksis i den dagleg drift. Tiltaka må derfor følgjast opp i den løpande drifta i dei ulike einingane, men også gjennom politiske prioriteringar av midlar i komande budsjett og økonomiplanar.

Risikobilde for samfunnet er stadig i endring. Vi har i seinare år sett at klimatilhøve og ulike tilhøve i måten vi organiserer og driftar viktige samfunnsfunksjonar aukar vår sårbarhet. Ein god ROS-analyse skal derfor vere eit godt hjelpemiddel til å førebyggje uønska hendingar og til å utarbeide ein beredskapsplan til støtte for den kommunale kriseleiinga om noko uønska inntreff. Det er derfor positivt at det vert sett auka fokus på beredskapsarbeidet i kommunane frå overordna nivå. Fylkesmannen har varsla at vi, saman med alle øvrige kommunar i Nordhordland, vil få eit nytt tilsyn i 2017.

Rådmannen vil i den samanheng peika på at også kommunestyret har eit overordna og stort ansvar for beredskapsarbeidet i kommunen. For å gje ein utfyllande informasjon om status og identifiserte utfordringar er derfor Magne Eikanger i Brannvern- og beredskapsrådgiver invitert til å leggje fram ROS-analysen for kommunestyret.

### **Konklusjon**

Rådmannen er nøgd med prosessen og resultatet av arbeidet med å utarbeide ein ny Risiko- og sårbarheitsanalyse for Modalen kommune.

Utarbeida ROS-analyse vil, ved godkjenning av kommunestyret, lukke Fylkesmannen sitt avvik i høve tilsyn på dette området.

Føreslegne tiltak til utbetringar må følgjast opp i den løpande drifta innan ulike einingar og ved budsjettprioriteringar i komande økonomiplanperiodar.

### **Vedlegg:**

Heilskapleg ROS-analyse for Modalen kommune - ROS-analyse med vedlegg

Analyseark 090516 a

Vedlegg 1 Sivilbesk loven og forskrift

Vedlegg 2 Lover og forskrifter

Endeleg rapport etter tilsyn med kommunal beredskapsplikt i Modalen kommune 24 mars 2015

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes	FA - U64	16/218

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
048/2016	Formannskapet	PS	06.09.2016
049/2016	Kommunestyret	PS	22.09.2016

### **Ny organisering av Reiselivsnæringa i Nordhordland - medlemskap i nye "Region Bergen Reiseliv"**

#### **Forslag til vedtak:**

1. Kommunestyret vedtek å organisera reiselivet i regionen ved å inngå ein samarbeidsavtale mellom Region Bergen Reiseliv og kommunane i Nordhordland (Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy) representert ved Nordhordland Utviklingsselskap IKS.
2. Kommunestyret vedtek å gje årleg tilskot til Region Bergen Reiseliv i tråd med forslag til forretningsplan og saksgrunnlaget, med ein grunnsom på kr 20 000,- pr. år og i tillegg kr 14 pr. innbyggjar i 2017 og justert i samsvar med prisindeksen dei komande åra.
3. Samarbeidsavtale vert utarbeidd av Region Bergen Reiseliv og Nordhordland Utviklingsselskap IKS med grunnlag i forretningsplanen og vedtaka i kommunestyra. Samarbeidsavtalen vil bli lagt fram for kommunane før endeleg signering.
4. Denne avtalen gjeld frå 01.01.2017. Avtalen kan ikkje seiast opp i tidsrommet 01.01.2017 til 31.12.2019 utan at vesentlege føresetnader i denne avtalen vert brotne. Etter dette er det eit års oppseiingstid. Oppseiinga må skje seinast 31.12 året før.
5. Kommunestyret ser det som viktig med tydeleg nærvær lokalt. Region Bergen Reiseliv må vidareføre og styrke samarbeidet med lokale reiselivsaktørar og Nordhordland Utviklingsselskap IKS. Region Bergen Reiseliv rapportar årleg til Nordhordland Utviklingsselskap IKS og kommunane.
6. Kommunane i Region Nordhordland og kommunane Fjell, Sund og Øygarden får ein representant i styret i Region Bergen Reiseliv.

## Saksopplysningar:

### Innleiing

Dette saksgrunnlaget skal gje kommunane grunnlag for å vurdere medlemskap i nye «Region Bergen Reiseliv» (arbeidstittel) og gjennom det bidra til ny satsing på reiselivsnæringa i Nordhordland. Etter at Nordhordland Reiselivslag vart lagt ned har det vore gjort eit stort nasjonalt arbeid for å få til ein ny organisering av destinasjonane i Norge. Dette har resultert i at det no ligg til rette for at Nordhordland, saman med Region Vest, kan gå saman om ny satsing i Region Bergen Reiseliv. I notatet er det omtale av:

- bakgrunn
- forretningsplanen til Region Bergen Reiseliv
- organisering av destinasjonsselskapet
- venta effektar av Region Bergen Reiseliv
- økonomi / finansiering
- innstilling

Modalen, Vaksdal og Osterøy var tidlegare med i Osterfjord reiseleivslag, men då kommunane melde seg ut derifrå vart dette reiselivslaget lagt ned. I ettertid har ikkje Modalen hatt noko organisatorisk tilknytning til reiselivsnæringa i fylket.

### Bakgrunn / Vurdering

#### *Norsk reiseliv i framtida*

Reiseliv er ei av verdas største næringar og ei av verdas raskast veksande næringar.

Klipp frå reiselivsstrategien "Destinasjon Norge" 2012: «Norge har gode muligheter for å ta sin del av den internasjonale veksten. Regjeringen har valgt å satse særskilt på reiselivsnæringen. Dette valget er gjort på bakgrunn av reiselivsnæringens potensial for vidare verdiskaping, de naturgitte fordelene Norge har og næringens store betydning som distriktsnæring. Regjeringen vil derfor føre en spesielt aktiv politikk overfor reiselivsnæringen.

Norge har unike forutsetninger for å ha gode reiselivsprodukter. Norsk natur er enestående og gir grunnlag for et rikt tilbud av opplevelser. Ved å bruke vår naturgitte konkurransefordel og levere unike opplevelser av høy kvalitet, vil norske reiselivsaktører kunne forsvare det prisnivået som skal til for å øke lønnsomheten i reiselivsnæringen. Reiselivsnæringen skal være en av de næringene Norge skal leve av i fremtiden. Reiselivspolitikken skal bidra til å utvikle en høyproduktiv og kunnskapsbasert næring"

Korte fakta:

- 6,5 % av fastlands-Norge sitt BNP er knytta til norsk reiselivsnæring
- Reiselivsnæringa skaper 1 av 10 årsverk i fastlands- Norge
- 75 % av gjestedøgna i Norge er nordmenn

### Nordhordland Reiselivslag

Fram til 2012 var reiselivsnæringa i regionen organisert i Nordhordland Reiselivslag. Reiselivslaget vart stifta i 1987 som ein medlemsorganisasjon for verksemder, kommunar og organisasjonar i kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland og Radøy.

Vedtektene til reiselivslaget sa mellom anna at det skulle arbeide for ei sunn utvikling av reiselivet i Nordhordland, til beste for næringa, arbeidsplassane og samfunnet, og vere den lokale reiselivsnæringa sin fellesorganisasjon og talerøyr. Oppgåvene til laget var marknadsføring / profilering, produktkoordinering, vertskapsplikter, informasjons- og opplysningsarbeid, rådgjevingsorgan og drift av den autoriserte turistinformasjonen. Kontingentsatsen til kommunane var 22 kr. pr. innbygger.

Bakgrunnen for at reiselivslaget vart lagt ned i 2012 var at fleire av kommunane meinte at dei betalte ein for stor del av totalfinansieringa samanlikna med den øvrige reiselivsnæringa, at dei fekk for lite igjen for kronene, og at det var vanskeleg for ein person å drifta eit reiselivslag åleine. Fleire av kommunane trakk seg ut og det var då ikkje finansielt grunnlag for å drive laget vidare.

### **Ny reiselivsstruktur**

I 2012 kom regjeringa sin reiselivsstrategi «Destinasjon Norge». Denne la føringar for ei sterkare samordning og ein betre reiselivsstruktur, sitat:

*«Hensikten med en justering av reisemålsselskapsstrukturen er å effektivisere reiselivsnæringen og få mer igjen for de offentlige midlene som bevilges til næringen, samt å gjøre kommunene bedre i stand til å møte reiselivsnæringens behov i utviklingen av helhetlige og gode reiselivsdestinasjoner.»*

Hordaland fylkeskommune fylgde dette opp ved å gjennomføre ein prosess for organisering av destinasjonane i fylket. Rapporten frå dette arbeidet tilrår at fylket vert delt i tre destinasjonar:

1. Voss
2. Hardanger
3. Region Bergen med Bergen, Sunnhordland, Nordhordland og Region Vest.

Sunnhordland har valt å stå utanfor ein felles organisasjonsstruktur, men har signalisert at dei ønskjer å delta på fellesprosjekt der det er naturleg.

### **Region Bergen Reiseliv – Forretningsplan**

I den vestlige delen av Hordaland har det vore jobba med temaet «Bergen og kysten». Dette resulterte i ein prosess der ei arbeidsgruppe frå Kysteventyret, Nordhordland og Bergen har utvikla ein forretningsplan for ei felles organisering.

**Visjon:** Vi skal skape reiselyst!

### **Målet med ein større region er**

- å gjere oss alle moden for vekst. Både nasjonalt, regionalt og internasjonalt
- å oppnå ein sterkare posisjon i høve til alle regioner
- å oppnå synergjar mellom våre 3 regioner
- å styrke lønsemd, auke antall arbeidsplassar og bidra til større volum av tilreisande i kjøpsterke segment.

### **Strategiar:**

1. Marknadsføring og branding. Region Bergen skal gjerast synleg
2. Styrke kultur- og opplevingsregionen med fokus på kongressar, møter og arrangement
3. Produktutvikling og innovasjon
4. Velkomst og service – styrke vertsskapsfunksjonen.

### **Leveransegaranti:**

- Styrke medlem sin konkurransekraft / initiere til ny trafikk / bidra til totalutvikling av

- reiselivsnæringa
- Rett informasjon til rett tid, på rett stad
- Halde eit høgt aktivitetsnivå / vere tidleg ute på nye marknader / vere i forkant av marknadsutviklinga / ha nærleik til marknaden/ søke stordriftsfordeler
- Ha eit stort kontaktnett / søke gode alliansar / gjere bruk av verkemiddelapparatet og verksemdar der vi har eigarskap
- Produsere dei «offisielle publikasjonane» digitalt og på trykk med høg kvalitet, riktig informasjon og best distribusjon
- Ha medarbeidarar med erfaring og god kompetanse

### **Verksemd:**

Den nye, felles satsinga vil gjerast med utgangspunkt i den eksisterande strukturen som Bergen Reiselivslag og tilpasse denne dei nye behova. Kommunane vil ha ein avtalefesta samarbeidsmodell og reiselivsverksemdene vil ha eit direkte medlemskap.

Bergen Reiselivslag er i dag ein medlemsorganisasjon der årsmøtet vel styret.

*Les meir om forretningsplanen i «Forslag til organisering av reiselivet i «Region Bergen» frå mars 2016.*

### **Organisering av Destinasjonsselskapet «Region Bergen Reiseliv»:**

Bergen Reiselivslag har i dag 24 årsverk. Det er ein fast administrasjon på 11 medarbeidarar, ein prosjektleiar som jobbar med reiselivssaker for heile Hordaland og 12 årsverk som høyrer til Turistinformasjonen.

At Region Nordhordland og Region Vest vert med og dannar nye «Region Bergen Reiseliv» betyr at det må tilførast 2 årsverk:

- Ein «innanriksminister» som skal arbeide med felles prosjekt innan marknadsføring, sal og profilering – internt i Bergensmarknaden
- Ein «utanriksminister» som skal jobba med produktutvikling med fokus på nettverksbygging, fellesprosjekt, fasilitering, konseptutvikling, initiativtakar og tilretteleggar i regionane.

Det vert oppretta ei nettverksgruppe «Reiseliv» i Kysteventyret og i Region Nordhordland. Regionrådet i Nordhordland gjennom Nordhordland Utviklingsselskap IKS etablerer ein vertskapsfunksjon for dette. Personell frå «Region Bergen Reiseliv» som har oppgåver og roller i Nordhordland bidreg inn i nettverksgruppa med kompetanse og aktivitetar som er skildra i forretningsplanen.

Regionen vil ha ein styreplass. Utover dette vil alle medlem i Region Nordhordland bli ein del alle aktivitetane i selskapet og ha tilgang til kompetansen som finst i dei 24 årsverka som allereie er på plass.

### **Venta effekt ved etablering av "Region Bergen Reiseliv".**

Region Bergen Reiseliv, og reiselivsaktørane i dei omkringliggende kommunane spesielt, vil ha ein berekraftig og profesjonell organisasjon, som i utgangspunktet har opparbeida ein betydeleg posisjon for marknadsføring og sal, nasjonalt og internasjonalt. For utviklinga av denne næringa i Nordhordland vil dette vere eit stort skritt i riktig retning for ei styrking og vidareutvikling av næringa.

Den nye organisasjonen vil bidra til marknadsføring og sal internt i Region Bergen. På same tid er det eit stort potensiale for å utvikle "kystreiselivet" gjennom ei systematisk og langsiktig satsing. Dette er det sett av ressursar til i denne forretningsmodellen. Ein sterkare Region Bergen vil også forsterke det gode samarbeidet med andre regionar i Hordaland med eigne reisemålsorganisasjonar, ikkje minst der Hordaland fylkeskommune bidrar med målretta ressursar for å stimulere til samarbeid, t.d. gjennom "prosjektleder Hordaland".

#### **Økonomi / Finansiering:**

Region Bergen Reiseliv vil ha ein omsetnad på om lag 94 mill. NOK. Det er i budsjettet lagt opp til at kommunane melder seg inn frå hausten 2016, men det er ei opning for at kommunane kan velje å melde seg inn frå og med januar 2017. Fullfinansiering frå 2017 for kommunane i Nordhordland er kr 750 000,-.

I utgangspunktet har dagens Bergen reiselivslag peika på at det i førebuingane vil påløpa nokre kostnader t.d. biletetaking, omprofilering, prosjektrettleiing m.v. Her vil ein kunne søkja fylkeskommunen og/eller andre om støtte, men kommunane må vera førebudd på eit spleiselag. Me antar at dette kan takast administrativt i kommunane, evt. at Bergen reiselivslag forskotterer utgiftene og at det vert ei eige budsjettsak til hausten.

Budsjettet til Region Bergen Reiseliv (år 2016 må evt. vera ein administrativ dialog mellom Region Reiseliv og kommunane).

Inntekstposter	Region Vest		Nordhordland		Bergen		SUM	
	2016	2017	2016	2017	2016	2017	2016	2017
Kommunale tilskot	700	700	400	750	3 000	4 000	4 100	5 450
HFK, fast tilskot	150	200		150	150	200	300	550
HFK, prosjektleiar					800	800	800	800
Fylkeskommunale prosjekt					500	500	500	500
Medlemmer	150	200	175	200	6 600*	6 800*	6 925	7 200
Private bidrag	50	200					50	200
Annonser og kampanjar					18 650	20 000	18 650	20 000
Prosjektinntekter					300	500	300	500
Vertskapssenter					59 000	59 000	59 000	59 000
<b>SUM</b>	<b>1 050</b>	<b>1 300</b>	<b>575</b>	<b>1 100</b>	<b>89 000</b>	<b>91 800</b>	<b>90 625</b>	<b>94 200</b>

#### Fordeling av kostnader pr. kommune

Total kostnad		750 000		
Fast del pr. kommune	20 000	160 000		
Resten fordelt etter innbyggartal		590 000		

Kommune	Folketal 01.01.2016	Fast del	Etter folketal	Totalt
1252 Modalen	381	20 000	5 356	25 356
1253 Osterøy	7 957	20 000	111 859	131 859
1256 Meland	7 812	20 000	109 821	129 821
1260 Radøy	5 077	20 000	71 372	91 372
1263 Lindås	15 607	20 000	219 403	239 403
1264 Austrheim	2 858	20 000	40 178	60 178
1265 Fedje	576	20 000	8 097	28 097
1266 Masfjorden	1 701	20 000	23 913	43 913
<b>Totalsum</b>	<b>41 969</b>	<b>160 000</b>	<b>590 000</b>	<b>750 000</b>

Sum pr. kommune vert då kr 20 000 i grunnsum pluss kr 14 pr. innbyggjar.

#### Konklusjon

Reiselivsnæringa er viktig for Modalen kommune. Det vil vere tenleg å delta i felles arbeid for å profilere /marknadsføre og utvikle reiselivsprodukt i felles regi i regionen. Rådmanne rår til at Modalen kommune deltek i den nye organseringa på dei vilkår som framgår av saka.

#### Formannskapet - 048/2016

#### FOR - behandling:

Rådmannen orienterte om saka. Formannskapet drøfta kva det ville bety å ta del i fellesprosjektet.

Samrøystes

## **FOR - vedtak:**

1. Kommunestyret vedtek å organisera reiselivet i regionen ved å inngå ein samarbeidsavtale mellom Region Bergen Reiseliv og kommunane i Nordhordland (Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy) representert ved Nordhordland Utviklingsselskap IKS.
2. Kommunestyret vedtek å gje årleg tilskot til Region Bergen Reiseliv i tråd med forslag til forretningsplan og saksgrunnlaget, med ein grunnsom på kr 20 000,- pr. år og i tillegg kr 14 pr. innbyggjar i 2017 og justert i samsvar med prisindeksen dei komande åra.
3. Samarbeidsavtale vert utarbeidd av Region Bergen Reiseliv og Nordhordland Utviklingsselskap IKS med grunnlag i forretningsplanen og vedtaka i kommunestyra. Samarbeidsavtalen vil bli lagt fram for kommunane før endeleg signering.
4. Denne avtalen gjeld frå 01.01.2017. Avtalen kan ikkje seiast opp i tidsrommet 01.01.2017 til 31.12.2019 utan at vesentlege føresetnader i denne avtalen vert brotne. Etter dette er det eit års oppseiingstid. Oppseiinga må skje seinast 31.12 året før.
5. Kommunestyret ser det som viktig med tydeleg nærvær lokalt. Region Bergen Reiseliv må vidareføre og styrke samarbeidet med lokale reiselivsaktørar og Nordhordland Utviklingsselskap IKS. Region Bergen Reiseliv rapportar årleg til Nordhordland Utviklingsselskap IKS og kommunane.
6. Kommunane i Region Nordhordland og kommunane Fjell, Sund og Øygarden får ein representant i styret i Region Bergen Reiseliv.



## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatile Lilletvedt	FE - 064	14/113

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
049/2016	Formannskapet	PS	06.09.2016
050/2016	Kommunestyret	PS	22.09.2016

### Selskapsavtale for IKA Hordaland - endringer

#### Forslag til vedtak:

Kommunestyret godkjenner Selskapsavtale for IKA Hordaland IKS, gjeldende fra 1.1.2017.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS, vart organisert som eit IKS i 2002. I 2015 hadde selskapet 32 eigarar. Eigarkommunane hefter for ein eigarandel etter ein fordelingsnøkkel vedteke på representantskapsmøte i 2002 samt gjort gjeldande frå 1.1.2003. Eigardelen til den enkelte kommune, er beskrevet i selskapsavtalen sin § 5, Tilskotsplikt og eigarandel.

I følge selskapsavtalen § 5, skal eigardelane justerast kvart fjerde år som eit resultat av endringar i folketal, betalt innskot, samt ved inn- og utmelding slik at det er samsvar mellom kommunestorleik og eigarandel i selskapet. Det har i tida fram til 31.12.2014, ikkje vore endringar i folketal, betalt innskot eller utmelding frå selskapet, som kravde at eigardelane og selskapsavtalen laut endrast.

Etter 31.12.2014 fekk tre eigarkommunar endra sin eigardel som følge av endringar i folketal. Desse er Fitjar, Radøy og Sveio.

Etter 2015 er det difor ikkje samsvar mellom folketal og eigardel i IKAH. Med dette som utgangspunkt, samt tilbakemelding frå ein eigarkommune om å utarbeide ein ny fordelingsnøkkel som betre gjenspeglar kommunestorleiken, fremjar Representantskapen i Interkommunalt arkiv følgjande:

#### Hordaland IKS framlegg om følgjande:

1. Representantskapen vedtek justeringa i eigardelane og gjer dei gjeldande frå 01.01.2017 med atterhald om godkjenning i kommunestyra. Representantskapen gjev styret i oppdrag å førebu saksframlegg til dei enkelte kommunestyra.

Askøy kommune	4,49	Jondal kommune	1,92	Samnanger kommune	1,92
Austevoll kommune	2,78	Kvam kommune	3,63	Stord kommune	4,49
Austrheim kommune	1,92	Kvinnherad kommune	4,49	Sund kommune	3,63
Bømlo kommune	4,49	Lindås kommune	4,49	Sveio kommune	3,63
Eidfjord kommune	1,92	Masfjorden kommune	1,92	Tysnes kommune	1,92
Etne kommune	2,78	Meland kommune	3,63	Ullensvang herad	2,78
Fedje kommune	1,92	Modalen kommune	1,92	Ulvik herad	1,92
Fitjar kommune	2,78	Odda kommune	3,63	Vaksdal kommune	2,78
Fjell kommune	4,49	Os kommune	4,49	Voss kommune	4,49
Fusa kommune	2,78	Osterøy kommune	3,63	Øygarden kommune	2,78
Granvin herad	1,92	Radøy kommune	3,63	Sum	100 %

2. Representantskapen vedtek at det skal fremjast sak til ordinært representantskapsmøte i 2017 om ny fordelingsnøkkel og eigardel som betre gjenspeglar kommunestorleik.

Vedtaket var einstemmig.

### **Økonomiske konsekvenser**

For eigarane har endringa av selskapsavtalen ingen direkte økonomisk konsekvens, utover det ein ytte i tilskot pr. 01.01.2016, samt det som er vedteke av Representantskapen for 2017.

Vi gjer og merksam på at Representantskapen har gjort vedtak om at det skal fremjast sak om ny fordelingsnøkkel og eigardel, som betre gjenspeglar kommunestorleik. Saka skal leggjast fram til ordinært representantskapsmøte på Solstrand 25 april. 2017.

### **Konsekvensar av eit negativt vedtak**

Ifølgje lov om interkommunale selskap § 4 skal endringar i selskapsavtalen, mellom anna endringar i eigardelane, godkjennast i alle eigarane sine kommunestyre.

Ein endra selskapsavtale for IKA Hordaland, er ikkje gyldig før alle eigarar sitt øvste politiske organ gjer eit likelydande positivt vedtak og Brønnøysundregistrene har skrevet firmaattest.

Skulle eit av kommunestyra ikkje godkjenne ny selskapsavtale gjeldande frå 01.01.2017, vil den gamle selskapsavtalen framleis gjelde, men ein vil då ikkje lenger ha samsvar mellom eigarandel og folketal i kommunen.

## **Formannskapet - 049/2016**

### **FOR - behandling:**

Rådmannen orienterte kort

Samrøystes

### **FOR - vedtak:**

Kommunestyret godkjenner Selskapsavtale for IKA Hordaland IKS, gjeldande fra 1.1.2017.

### **Vedlegg:**

Selskapsavtalen pr. 01.01.17 for Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS

Selskapsavtale pr. 01.08 2016 (L)(11435)

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Tone Selmer Skuggevik	FA - L12, TI - &21	16/219

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
051/2016	Kommunestyret	PS	22.09.2016

## Områdeplan Otterstad - Trohaug - Mulighetstudie

### Forslag til vedtak:

Kommunestyret vedtek å utarbeide ein mulighetstudie for område Trohauggruppa, som ein første fase i planlegginga av ein områdeplan for Otterstad – Trohaug. Konklusjonar frå mulighetstudien vert å nytta som grunnlag for den vidare planprosessen.

Formannskapet vert oppnemnd som styringsgruppe for planarbeidet. Grunna formannskapet si vurdering av habilitet i saka deltek følgjande i styringsruppa:

Ordførar Tom Kristian Thorsen, varordførar Kristin Nåmdal, Ann-Jorunn Farestveit, Frank Stian Steinsland og Liv Anne Aanesen.

Kommunestyret gjev administrasjonen i oppdrag å engasjere konsulent til planarbeidet og set som mål at arbeidet skal vere gjennomført innan 1. mai 2017.

Kommunestyret vedtek å løyve inntil kr 350.000 til planarbeidet som vert å finansiere ved bruk av avsette planmidlar i driftsbudsjettet for 2016 kr 150.000 og med tilleggsløyving kr 200.000 frå disposisjonsfondet.

### Saksopplysningar:

### Bakgrunn

Arealplan og kommuneplanen 2015 – 2026 for Modalen kommune vart vedteken av kommunestyre i sak 033/2015, men med ein førsetnad av at det skulle utarbeidast ein områdeplan for Trohaug - Otterstadorrådet. Notat om vidare oppfølging av dette vart lagt fram for kommunestyret i møte den 10.03.2016 sak 009/16. Gunna prioritert arbeid med kommunereforma vart vidare prosess utsett til andre halvår 2016.

## Områdeplan

I områdeplanen har kommunen mulighet for å sikre gode sammenhenger mellom nye og eksisterende område. Områderegulering som planform vert nytta for å ivareta verneomsyn eller for å leggje til rette for å skape rammer for den vidare planlegging, utvikling og bygging. Områdeplan vert brukt for å avklare motsetningar mellom ulike samfunnsinteresser (verneverdier, landbruk, infrastruktur).



*Plankart på Mo og Otterstad*

## Organisering av planarbeidet.

Saka vart drøfta i formannskapsmøtet 06.09.2016, sak 050/2016 med grunnlag i tidlegare utarbeida notat. Betydninga av å få avklart viktige politiske premisser i startfasen av planarbeidet vart drøfta og framheva, slik at kommunen kan få gjennomført eit planarbeid med god framdrift og på ein kosteffektiv måte ved kjøp av konsulent-tenester.

Formannskapet drøfta ulike vegval og samla seg til sist om følgjande konklusjon:  
Formannskapet vert sett ned som styringsgruppe for planarbeidet.  
Formannskapet gjorde i sitt møte ei vurdering av habiliteten til medlemar og varamedlemar.

Grunna ugildskap for to faste medlemar i formannskapet vert det føreslege følgjande deltaking i styringsgruppa: Ordførar Tom Kristian Thorsen, varordførar Kristin Nåmdal, Ann-Jorunn Farestveit, Frank Stian Steinsland og Liv Anne Aanesen.

Formannskapet ba rådmannen leggje fram ei sak vedkomande oppstart av planarbeidet til første møte i kommunestyret slik at vidare arbeid vert godt forankra der.

Formannskapet rår til at det vert utarbeida ein mulighetstudie for området i Trohauggruppa, som ein første fase i planlegginga. Konklusjonar frå ein slik mulighetstudie vil gje grunnlag for vegval til den vidare planprosessen.

## Målet for mulighetstudiet:

Avklare ei formålsteneleg hoveddisponering for området som sikrar god bukvilket og positiv utvikling av Mo sentrum. Leggje grunnlaget for ei vidareutvikling av bustadområde i Modalen

kommune.

Mulighetstudiet skal vere ein analyse som får fram nye idear og viser potensiale for utvikling av Trohauggruppa. Mulighetstudiet skal vise infrastruktur, om det er mulig å byggje bustader i området, og kva potensiale området har for utvikling. Korleis kan vi utvikle området i Trohauggruppa til å bli ein god og attraktiv stad å bu? Kva funksjonar bør liggje i dette område? Korleis er grunnforholda, rasfaren og solforholda i området? Mulighetstudiet skal leggje grunnlaget for etterfølgjande områderegulering.

#### **Mulighetstudiet i Trohauggruppa skal vurdere følgjande:**

Nytt bustadfelt

Vurdere campingplass i Trohaugområdet

Grunnforhold

Solforhold

Rasfare

Grønnstruktur

Avstand til Mo sentrum

Gang og sykkelveg

Infrastuktur (vatn- avlaup – veg – straum.)

Kostnadsvurdering

#### **Kommuneplan**

Vedtekne føresetnader i kommuneplanen skal leggjast til grunn for mulighetstudiet, vidare regulering og utbygging av området. Krava til områderegulering frå Otterstad – Trohauggruppa framgår av pkt. 5.2 i planomtale samfunns – og arealdel til kommuneplanen.

#### **Økonomi:**

Til arbeidet med mulighetstudiet er det rekna med omlag samla kostnad på 350 000,-.

#### **Framdrift:**

Mulighetstudiet er forventa klart i løpet første halvdel av 2017.

#### **Konklusjon**

Planområdet frå Otterstad – Trohauggruppa er sentrumsnært. Vi må i planarbeidet vere medvitne på at ikkje sentrum vert utflytande. Ein kvalitet i dag er det tette sentrum vi har. Det er lagt føringar i kommunestyrevedtaket om at vi skal unngå å ta i bruk dyrka mark. Dette kan vere utfordrande. Ved seinare eventuell bruk av dyrka mark, må det gjerast vurderingar for tilrettelegging av erstatningsjord.

Mulighetstudiet skal vurdere om Trohauggruppa er godt egna som eit framtidig attraktivt bustadområde, slik at vi kan unngå å ta i bruk dyrka mark på Otterstad. Viss ikkje må ein leggje til rette for å utvikle Otterstad med ulike typer bustader/kombinert næring.